Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav.

Oppskr. av: Njc. P. Lillegraven

(adresse): Granvin

Fylke: Hordaland

Herad: Granvin

Bygdelag:

Gard: Vindal

G.nr. 104 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Hjelpefor elder mork.

2. Av borken fær ein skav, av kvisten ris, gjerningsord å rise.

3. Å skava, notid skjev, fortid skov, framtid skava

4. Ja. Før var det nokon som regulært for på alle gardar med smaaskog. No berre som hjelpefor i dårlege höjår.

5. Raun, alm, osp ask og bjørk. På bjørka skov ein fyrst næver av og den vart nytta som kveiksla. Etterpå vart borken skava. Raunskav og almeskav helt dei for best, men bjørkeskav skulde og vera bra. Eg kjenner inkje til at dei skov bartre her.

6. Nei.

1248

7. Rimet er kjent her i bolin:
Almen gjör, — rauinen för.
Ask gjer kjea rask.
Bjegg set mey i legg
Selja svelte — vieren velte.

8. Skavet vart helst nytta til mjölkekyr og gjeldbeista fekk helst riset. Til sau og geit nytta dei lauvkjerv. Det vart helst gjeve etter mjölkinga om kvelden. Hesten fekk ikkje skav. Markinga dreiv dei med både ulkoren, rising vel serleg i forknipa om våren. Dei flekte dei og almebast til kjyrna, og det hette dei svart-gjord. Skavinga var helst arbeid for kårkallen.

9. Ja. Skav av rauin og alm gav mykje rjome og fint gult smör. Osp- og askeskav gav skavsmak på mjölk og rjome.

10. Dei hogde helst markaskogen om hausten og da den i setrsbilen hostar heime med tvært. Av bjøgje-veden nytta dei skavet når den var av markaskog.

11. Drog på markaskog — å marka.

12. Mork.

13. Ja. Det lyder å samla mork-skavet. Elles heitte det „å risa" når dei

1248

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

II

samka ris og „å lyngja" når dei samka heilelyng (rosslyng) som serleg om våren var mykje nytta som hjelpefor. Når dei om hausten samka grisemose i fjell- reinar -mosamose- sa dei at dei var på „mosaskog"

14. Skoveden hogde dei helst om hausten men såg det ut for å verta forknjoa var dei på markaskog vinterstid og. Om marking på langfredag har eg ikkje høyrt.

15. Helst inne i stova, men og i smalafjøset eller ute på tunet i fint ver om våren.

16. Opkutta mork, ca. boren lang, skar dei med skavljå og eller skavinga kalla dei det „sprek" som helst vart nytta til laksteved. Grovare mork kutta dei i to eller tre sprekelengder då var det gjerne ungarbeid og hjelpa til å halda andre enden. Då og brukte dei helst skavljå elder og bandokniv med handtak i båe endar. Om skavljåen var kutta sì jille inne ved kroken.

17. Når dei skar hesjeved la dei eine enden i sagekrakken, andre enden heldt dei fast mellom knea, medan dei stod med knea i kross, og skar eller „aubarka" med vanleg skavljå.

1248

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Opphoggi mork som dei skov inne i stor-
skov dei anten i skoskrakk, eller mot
eit sengebein som dei gjerne var fore
med ei bordlist. Skaobel? Gjerastrenna
sette dei ein stolpe i ein fot
18 på golvet og oppe surra dei
fast til randåsen. Skaobel.
Skoskrakken var ein låg krakk eller
benk, der eit av beina strak opp
ca 0.5 m. over krakken og gav stötte
for skavljåen. Det kunde og vera
ordna med eit hol i krakken der
dei sette ein pinne. Eg har
sett mange döme på båe sortar.
Ordet „Skaobel" var bruka her.

19. Til vanleg kutta mork skjer dei
på den måten: Dei sit på ein
låg krakk, held ljåen i högre hand
med enden mot „skaobelen" og skav-
pinnen i venstre hand, dreg so
pinnen fram og attende under ljåen
og under skavpinnen litt fram for
kvar blonga. For eldre folk gjekk det
svært fort.

20. Mork.

21. Skav. = ein samling av skavblekkje.

22. Dei turre kjeppar vert kutta
å skove til sprek ca. 60 cm. l.
Grovare mork til skjevlingar,
gjerne to eller tre spreklingar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

1248

23. Sprett = en boen. Fliskal-spegi
Skjerlingar = to-tre lengder.

24. Skaret skulde vera smjukt - d.v.s. truut bokkly med litt av veden på kvar blenkjo. Det var ulik stor forskjel på dugleik hjå dei som skar, både til å skjera fort og smjukt. Dei gamle påstod at kyrne likar smjukje betre det smjuke skoret.

25. Den som var rakvaksen nytta dei til bakkeved, den krokete vart nytta til omnved

26. På mange gardar er det no heilt slutt med skaving, men her er endå mange som puslar med litt skaving til kveldsarbeid, og serleg dei kårmann(ene)

1248

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING